

Representantskapet  
Styret i Stiftinga Kystsovekevene

Stiftinga Kystsovekevene  
Agnes Mowinckelsgt. 5  
Postboks 7900, 5020 Bergen  
Tlf.: 55 23 91 73  
E-post: kystsovekevene@post.hfk.no  
Kontonr.: 3624. 51. 90357  
Org.nr.: 980 898 644

Bergen, 9. mai 2014

### Referat frå årsmøte i representantskapet i Stiftinga Kystsovekevene

Det var halde årsmøte i representantskapet i Stiftinga Kystsovekevene fredag 25. april på Hotel Terminus i Bergen.

Den offisielle opninga av Kystsovekevene 2014 vert 9. august i Øygarden kommune.

Vi hadde invitert kultursjefen i Øygarden, Bernt Hjørnevik til å komme og halde ei innleiing: «*IKKUS – eit viktig interkommunalt kulturreiskap og kan ein kommune ta ansvar for å gje innbyggjarar gode kulturopplevingar*». IKKUS er eit regionalt kultursamarbeid på kultursida mellom kommunane Fjell, Sund Øygarden og Askøy.

Bernt Hjørnevik starta presentasjonen med spørsmålet: Kan ein kommune ta ansvar for å gje innbyggjarane gode kulturopplevingar?

Ein filmsnutt filma 24. mai i 2013 viste *Brudansen og Allsong på kaia* synte at svaret er JA!

Det heile starta med godt forarbeid frå 2007, der det kom opp eit ønskje om å sette Øygarden på kartet. Ein utløyse faktor var då eit filmteam kontakta kommunen og den vart arena for innspeling av filmen *SOS Svartskjær*. Dette viste at bygdefolket verkeleg kunne og ville stille opp og løfte i flokk med enorm dugnadsinnsats. Då det var urpremiere på filmen var det framfor 1600 menneske i ein sal på Kollsnes. Det starta ein prosess der administrasjon og politikarar lytta til kulturinnspel frå innbyggjarane og det kom i stand ein dialog. Det vart eit godt forhold til lag, organisasjonar og enkeltpersonar.

Hausten 2012 vart det sett i gong eit planarbeid med arbeidsgruppe og referansegruppe med tanke på kulturplan og samtidig plan for det kommande 50 årsjubileet til kommunen. Dei har også nytta eksternt assistanse frå eit omdømme og profileringsselskap *PCG Bergen*, og *Kulturoperatørene* til planlegging og gjennomføring av arrangement. Det har vore viktig at den eksterne parten har vore genuint opptatt av kulturopplevinga og har ein ønskje om å gje tilbake til befolkninga.

Saman har partane jobba med ei idémyldring som førte til eit sokalla *Brown Paper*, der alle ønskjer og idear har vorte samla, og som er ei bank som ein kan hente ut idear frå, og som viser til ønskjer og idear samla frå alle hald. Her kan ein hente fram ut frå ambisjonsnivå alt frå store til små idear og hendingar, noko som alle har eit forhold til, og det er viktig med medverking frå alle hald, både politikarar, administrasjon og innbyggjarane.

*Brudansen* var ei av storsatsingane i høve kommunen sitt 50-årsjubileum, som vart gjennomført året før, altså i 2013, den eksterne parten hadde prosjektstyringa på og var totalleverandør for. *Brudansen* involverte alle skuleelevar i heile kommunen, 750 elevar dansa på Rongesundbrua, som var stengt for ferdsle, og det heile vart filma frå helikopter. Dette gjorde at heile kommunen, barn og unge fekk eit eigarskap til dette, og var ein samlande faktor for alle. Ei friluftsområde i nærleiken vart også testa ut som konsertarena då elevane etterpå vart samla til pølsefest.

Same dagen vart det også arrangert *Allsong på kaia*, på uteamfiet til Kystmuseet, med TV-programleiar Kathrine Moholt frå tv-programmet *Allsong på Grensen*, også dette ei sær s vellukka arrangement. Same arenaen skal takast i bruk nå Kystsovevøkene 2014 vert offisielt opna 9. august. Denne arenaen hadde tidligare publikumsrekord på 550 personer, under *Allsong på kaia* var det solgt heile 1100 billetter, og sett ny rekord.

Dette viser at det har vore eit flott samarbeid og innsats både frå innbyggjarane, frivillige, frå kommune og frå næringslivet og at desse fungerer godt saman i å gje gode kulturopplevingar.

Dei gode relasjonane som er opparbeida til næringslivet har vore viktige for arrangementa, med velvillige og bidrag ikkje berre med sponsormidlar, men også i form av rabattar, arbeidsinnsats eller tenester. Gjennom alt dette arbeidet ønskjer ein også vise at kommunen er ein god part og i stand til få tildelt og gjennomføre eit stort VM, nemleg målet om *Sykkel VM* i Bergen 2017, som også skal gå til Øygarden.

Dermed var første del over, og Bernt Hjørnevik gjekk over til å fortelje om IKKUS, interkommunalt kultursamarbeid. IKKUS har vore ein reiskap for kultursektoren sidan 2000. Kommunane Øygarden, Fjell og Sund samarbeider på kultursektoren, mellom anna med Ungdommens kulturmønstring, UKM. I 2001 slutta Askøy kommune seg til. Dette er ein sterk kulturregion som skal tene 62627 menneske. Saman får dei fire kommunane mykje kvalitet og kompetanse på kulturfeltet. Sund og Øygarden er små kommunar med liten kulturstab, medan Fjell og Askøy er store. Dei kan gjensidig dra veksjar på fagkompetanse hos kvarandre. Dei star saman som ein felles region overfor fylket, og kan sende felles søknadar og gjennomføre fellesprosjekt. IKKUS er i god dialog med fylkeskommunen.

IKKUS fører også folk saman og skaper gode møteplassar, samarbeidsområder er til dømes Bibliotek, Frivilligsentral, UKM og *Den kulturelle skulesekken*. Dei har mellom anna sendt felles søknad om nasjonalt prosjekt til Nasjonalbiblioteket. Dei har prosjekt knytt til kystkultur og til friluftsliv.

Alle tilsette innan kultursektoren i IKKUS treffast minst ein gong i året, medan kulturleiarane har møter kvar månad. IKKUS er ein formell samarbeidsavtale som også er vedtatt politisk i dei fire kommunane. Leiaren i IKKUS rullerer, og er kulturleiar i den kommunen som til ein kvart til også har leiarskapen i regionrådet, på den måten vert det kort veg frå politikarar og byråkratar.

Bernt Hjørnevik fortel så om eit av samarbeidsprosjekta som IKKUS hadde då dei arrangerte minneseilas for Albrigt Sangolt, ordførar i Sund som var ivrig i samarbeidet med Shetland. Galeasen *Loyalsegla* til Shetland og hadde med seg ein delegasjon med kultursjefane og ordførarane i IKKUS-kommunane, i tillegg var det ei rekkje ungdom som var med på turen og som var del i kulturell utveksling med Shetland. Dette vart ei minnerik tur, ikkje berre om den omtykte ordføraren, men også for alle partar som var med, og fekk del i den 4 dagars minneseilasen.

Eit viktig råd til sist, bruk lokale media til stort og smått, skap blest om kulturhendingar, og ta vare på og bruk pressomtalar og god pressdekning, desse kan nyttas til å dokumentere prosjektsøknader og anna.

Andre prosjekt som IKKUS-kommunane har felles er Kysteventyret, dei har også eit felles EØS-prosjekt med biblioteka, saman med partar frå mellom anna Polen.

Bernt Hjørnevik starta presentasjonen med spørsmålet: Kan ein kommune ta ansvar for å gje innbyggjarane gode kulturopplevingar? Alt i alt kan ein svare eit stort Ja, med samarbeid mellom kommune, næringsliv, og frivillige, og dessutan regionalt samarbeid som IKKUS.

Bernt Hjørnevik vart takka for presentasjonen og sjølv årsmøtet kom i gong med opprop og frammøteoversikt.

Desse var til stades:

Olav Steinar Namtvedt, Ove Trellevik, Mona H. Hellesnes, Per Lerøy, William Hazell, Odd Bjarne Skogestad, Erik Vangnes med fullmakt, May Eva Sandvik, Lars Barstad, Grethe Byrkjedal med fullmakt, Kari Foseid Aakre, Johannes Landmark, Astrid Hovda, Anne Grethe Solbakk, Lena Eikeland Kutschera

I tillegg var det komme fullmakt frå Radøy kommune til Per Lerøy, og frå Fitjar kommune til Olav Steinar Namtvedt.

Det var tilstrekkeleg tilstade til at møtet er vedtaksført.

## **Saker til handsaming:**

### **01/14 Godkjenning av innkalling**

Ingen merknader til innkallinga.

### **02/14 Val av ein representant til å skrive under protokollen i tillegg til møteleiar og referent**

William Hazell skriv under protokollen i tillegg til leiar og referent.

### **03/14 Årsmelding 2013**

Olav Steinar Namtvedt gjekk raskt gjennom årsmeldinga. Det vert påpeikt at det er mykje bra lokal pressedeckning på arrangement. Årsmeldinga er som vanleg fylldig og informativ. Representantskapet gjev honnør til dagleg leiar for bra løpande arbeid med Kystsogevøkene, særleg sidan det berre har vore eitt styremøte i løpet av året. Årsmeldinga synleggjer mønstringa og har i år valt å vise mangfaldet i ulike typar aktivitetar snarare enn publikumstal, sidan dette er vanskeleg å telje. Det er ønskje at det også her skal synleggjeras dagleg leiar sin innsats i høve arrangementa. Stiftinga er berre medarrangør i sjølve hovudarrangementet, men har kontakt med mange av arrangørane elles, sjølv om ho ikkje er direkte involvert. Det vart også påpeit av styreleiar at dette kunne vert vanskeleg. Det er beklageleg vis oppgjeve feil møtestad for fjoråret sitt årsmøte, dette var på Hotel Neptun, ikkje Terminus som det står i meldinga. Det var også påpekt at Lars Barstad er varamedlem i representantskapet, sjølv om det ikkje står i opplistinga.

Årsmeldinga vart godkjent.

### **04/14 Årsrekneskap 2013**

Det var ei kort gjennomgang av årsrekneskapet, dette var delt ut på møtet. Det store postane er løn, tilskot og marknadsføring. Det er eit underskot på kring kr 35. 000,-. Dette er ikkje mykje, men likevel påpekar Mona Hellesnes at det er grunn til å være obs på dette, det er ikkje rom til å tære på eigenkapitalen i mange år, sjølv med slike moderate underskot, ho ønskjer at årsmøtet gjer styret merksame på dette. Styreleiar informerer om at styret også har sett dette, og gjort justeringar i dette årets budsjett for å unngå at dette skjer igjen.

### **05/14 Eventuelt**

Kystsogevøkene vert offisielt opna laurdag 9. august i Øygarden, på Kystmuseet, det vert mellom anna tur med den freda fjordbussen Vestgard. Velkommen til Øygarden 9. august!

Vel heim!

  
Olav Steinar Namtvedt  
Leiar i representantskapet

  
William Hazell  
representant Bergen kommune

  
Lena Eikeland Kutschera  
dagleg leiar, referent

**Kystsogevøkene**  
2014  
9. august til 14. september  
[www.kystsogevøkene.no](http://www.kystsogevøkene.no)